

Vågekval – fangst, fangstforbod og forskning

Av

Direktør Odd Nakken

Fiskeridirektoratets Havforskningsinstitutt

Etter årsmøtet i Nordland Småkvalfangerlag har det vore store oppslag i deler av pressa om dette emnet. Det har også blitt reist spørsmål i Stortinget om saka. Påstandane som er framsette har samanheng med nedskjeringa av fangstkvoteane frå og med 1984 og den rolla som Havforskningsinstituttet og forskarar ved instituttet har spela i samband med nedskjeringa. Desse påstandane kan samanfattast i 3 hovudpunkt:


1. Forskarar ved instituttet er blitt pålagde å bruka eit materiale som førde til at anslaga for bestand og likeveksfangst vart for låge.
2. "Greenpeace" og moglegvis andre vernegrupper har påverka analysemetodikken på ein slik måte at anslaga vart for låge.
3. Instituttet har rota med materialet slik at serien av fangst per innsatseining, som instituttet bygde konklusjonene sine på, er feil.

Eg skal imøtegå desse påstandane ein for ein, men først er det turvande å rekapitulera litt av det som har hendt i kvalsaka dei siste åra.

Utviklinga i kvalsaka

I store trekk har utviklinga vore som følgjer:

- * Frå 1965 til 1976 var fangstane omlag 1500–2200 dyr kvart år, og reguleringane var basert på reint nasjonale vurderingar.
- * Frå 1977 til 1983 var fangstkvoteane på 1690–1790 dyr kvart år og baserte på tilrådingar frå vitenskapskomiteen i kvalfangskommisjonen. I realiteten var dei tilrådde kvotane ei rein framskriving av medelfangsten over siste 10-året.
- * I 1984 og 1985 var dei tilrådde kvotane frå vitenskapskomiteen på 635 dyr kvart år. Tiltrådingane var baserte på vurderingar av fangst per innsatseining.
- * I 1985 vedtok kvalfangskommisjonen at vågekvalbestanden skulle klassifiserast som verna (protected). Dette var etter ei tilråding frå eit fleirtal i vitenskapskomiteen. Norske forskarar gjekk i mot dette.



«Frå 1965 til 1976 var fangstane omlag 1500–2200 dyr kvart år».

* I mars 1986 presenterte Havforskningsinstituttet ein rapport, som ut frå analysar av fangst per innsatseining konkluderte med at:

- Bestanden hadde minka vedvarande i perioden 1972–1983.
- Likevekstfangsten for 1986 låg i intervallet 129–629 dyr.
- Fangstkvoteen for 1986 burde leggjast i nedre del av dette intervallet.

Forskar Karl Inne Ugland ved Universitetet i Oslo gjekk sterkt i rette med både analysane og konklusjonane i denne rapporten. Instituttet avviste kritikken frå Ugland.

* I juni 1986 fastheld eit fleirtal i vitenskapskomiteen tilrådinga om at bestanden skulle klassifiserast som verna. Norske forskarar gjekk i mot dette.

Sommaren 1986 vedtok Regjeringa at kommersiell vågekvalfangst skulle stoppast for ein periode etter 1987–

sesongen, men at Noreg skulle halda fram med ein forskningsfangst. Samstundes oppnemnde Regjeringa eit utvalg, med professor Lars Walløe som formann, som skulle vurdere både bestand og forskning. Walløe-utvalget leverte si innstilling i mai i år. Hovedkonklusjonane i innstillinga var:

- Bestandsanslaget av vågekval er svært usikkert p.g.a. utilstrekkeleg kunnskap og materiale.
- Bestanden toler ein forskningsfangst på inntil 200 dyr pr. år.
- Norsk kvalforskning bør styrkjast.

I tillegg har Walløe-utvalget vurdert prosedyrer og kriterier for vitenskapskomiteen si klassifisering av kvalbestanden, og gitt kritiske merknader til desse. Spørsmålet som no melder seg er: Er påstandane i pkt. 1–3 i innleiinga rette?

Pålegg til forskarar

Leiaren av sjøpattedyravdelinga, forskar Torgeir Øritsland uttrykte på årsmøtet i Nordland at han "hadde brukt det materialet han hadde fått ordre om å bruka". Utsegna refererer til grunnlaget for – og dermed resultatet av – dei analysane som er presenterte i Instituttet sin rapport frå mars 1986 som eg har referert til tidlegare.

Materialet som Øritsland refererer til, er fangstoppgåvene for vågekval. Hausten 1985, vart det både ved Instituttet og i Fiskeridirektoratet diskutert kor pålitelege desse oppgåvene var. Det fanst godt grunnlag for å meina at fangstoppgåvene for 1984 var for låge, men Øritsland og andre meinte at underrapportering også hadde funne stad i tidlegare år. Øritsland meinte vidare at det var både naudsynt og mogleg å korrigera for slik underrapportering.

Andre forskarar ved instituttet og også tenestemenn i fiskeriadministrasjonen meinte at eventuell underrapportering i åra før 1984 berre ville få ubetydeleg innverknad på resultat, og at det ville vera reint tidsspille å freista å kvantifisera den. I realiteten er det berre fangarane sjølve som veit om underrapportering har funne stad og dei hevda at så ikkje var tilfelle. Konklusjonen vart at dei offisielle fangstoppgåvene skulle brukast under utarbeidinga av rapporten.

Dersom instituttet hausten 1985 hadde meint at det var naudsynt og

mogleg å korrigera fangstoppgåvene for underrapportering, så ville dette blitt gjort. Øritsland meinte det var naudsynt og meiner framleis at det burde vore gjort. Eg og andre meiner at det ville/vil vera reint tidsspille, men eg skal forandra mening om dette dersom fangarane eller organisasjonane deira tilkjennegev at dei har materiale som kan brukast til slik korrigerings. For at ei slik korrigerings skal få vesentleg innverknad på resultat så må underrapporteringa ha vore aukande fram til og med 1983, d.v.s. i dei åra då dei offisielle fangstoppgåvene viser ein årleg fangst på 1600 dyr eller meir.

Påverknad frå Greenpeace

Ofte er Havforskningsinstituttet blitt skulda for at vi i for stor grad er påverka av næringsinteresser og forvaltning. No vert det altså også hevda at vi går verneorganisasjonane "sitt ærend". Det er sjølvsagt umogleg å imøtegå slike påstandar utan at ein går inn i ein reint fagteknisk diskusjon, noko som vil føra for langt her.

Om slik påverknad kan seiast: Både Greenpeace og andre miljøvernorganisasjonar har framifrå forskarar både som medlemmer og konsulentar. Fleire av desse forskarane har gitt viktige bidrag til utvikling av metodikk og analyseverktøy for å studera både fiske- og dyrebstandar. Forskarar med tilknytning til Greenpeace har vore sterkt engasjerte både i modellutvikling for kvalbestandar og analysar av vågekvalbestanden. Instituttet har kritisk vurdert slike modellar bl.a. i eit 9 siders brev til

Fiskeridirektøren 3. oktober 1985 (kopi til Fiskeridepartementet). I same brevet er det også gitt ei oppsummering av situasjonen for vågekval med omsyn til forskning og fangst.

Det er umogleg for meg å sjå at instituttet (forskarar ved instituttet) har vore påverka av særinteresser slik som ein skilde presseoppslag kan tyda på. Det er utan vidare klart at det har vore ein fagleg påverknad gjennom utveksling av synsmåtar på metodikk og materiale og bruken av det. Slik skal og bør det vera mellom forskarar. Denne utvekslinga av synsmåtar har vore prega av ei sterkt kritisk haldning, men utan at språkbruk og ordvalg frå instituttets side har fråkjent motparten all evne og ære.

Rot med materialet

Det blir hevda at det ikkje er samsvar mellom dei offisielle fangstoppgåvene og dei som instituttet har brukt. Det blir også hevda at det ikkje er samsvar mellom innsatsmåla som instituttet har brukt og antal fartøy som har teke del i fangsten. Ingen av desse påstandane er rette! Grunnlaget for serien av fangst per innsatseining er dei offisielle tala både for fanst og innsats, men dei må – som alt anna materiale – kritisk gjennomgåast før dei vert anvende. Dette er utførleg gjort greie for i rapporten frå mars 1986. I alle tabelleoverskriftene er det sagt kva som er brukt og det er kommentert i teksten kvifor ein skilde dyr ikkje er tekne med.

Materialet det her er snakk om ligg lagra i Fiskeridirektoratet både på "tape" og i journalar, og det bør etter mi mening bli gjort tilgjengeleg for andre som vil bruka det. Dette er spesielt ynskjeleg dersom nokon ynskjer å "gå oss etter i saumane". Walløe-utvalget hadde tilgang til dette materialet.

Til slutt: Noreg "eig" store havområde og har ansvaret for store havressursar. Desse ressursane bør utnyttast på beste måte. Dette kan berre gjerast på grunnlag av kunnskapar om produksjonen på alle nivå i desse havområda. Kunnskapane er i mange høve små, og for kval og andre sjøpattedyr er dei ikkje tilstrekkelege. Dette tykkjest det vera brei semje om.

Når kunnskapane ikkje er gode nok vil dei mest vidtgående innan både nærings- og verneinteresser få "betre kort på handa", og korta vil bli utnytta maksimalt og i overkant av det dei er verd. Dette har skjedd i andre regulerings-

«I 1985 vedtok kvalfangstkommissjonen at vågekvalbestanden skulle klassifiserast som verna».



ker og eg tykkjer at det no skjer i kval-saka. Hovudspørsmålet no er korleis Noreg i åra som kjem kan byggja opp god kompetanse på populajonsdynamikk og mengdemåling av sjøpattedyr. Innanfor dette området manglar vi mykje ekspertise og den vesle vi har er sterkt nedsliten. Det er ikkje berre pengar det er tale om i denne samanhengen. Det er like mykje eit spørsmål om tid; at unge menneske med evner og lyst til å ta fatt på dette – om dei finst? – får høve til å utvikla seg. Korleis skal tilhøva best leggjast til rette for ei slik utvikling?

Nye kontorsjefer i direktoratet



Tore Nilsson,

er ansatt som ny kontorsjef ved Havbrukskontoret, Fiskeridirektoratet. Nilsson er 38 år, og er utdannet jurist. Han tok til i Fiskeridirektoratet i 1981 ved Avdeling for fiske og fangst. Han har arbeidet ved Havbrukskontoret siden dette ble opprettet i 1986.



Jørgen Borthen,

er ansatt som kontorsjef ved Administrasjonskontoret i Fiskeridirektoratet. Han er 36 år og er utdannet som økonom. Borthen har vært i Fiskeridirektoratet siden 1977, og har tidligere arbeidet ved Fiskeriøkonomisk avdeling.

Eirik Heen til minne



Eirik Heen er gått bort i ein alder av 75 år. Med Heens bortgang har ein av fiskerinæringas trufaste tenarar forlatt oss.

Heen var fødd på Åndalsnes i Romsdal. Han utdanna seg til kje-miingeniør i Trondheim og byrja deretter ved Statens trankonroll i Svolvær i 1934.

I 1935 flytta han til Stavanger, der han var vitenskapleg assistent ved Hermetikkindustriens laboratorier til 1937. Han var i desse åra med på å grunnlegge alginatproduksjonen her til lands. Til Bergen kom han i 1937, der han arbeidde ved Statens fiskeriforsøksstasjon som vitenskapleg assistent, seinare som vitenskapleg konsulent til 1947.

Under krigen var Heen engasjert med ein plan for fryseindustrien i Nord-Noreg. Da freden kom var han med å danna Frior, der han vart teknisk sjef i 1947. I 1950 vendte han attende til Bergen, til stillinga som direktør for Fiskeridirektoratets kjemisk/tekniske forskningsinstitutt. Denne stillinga hadde han fram til omorganiseringa av Fiskeridirektoratet i 1975. Da vart han direktør for

Fiskeridirektoratets Sentrallaboratorium. Ei stilling han hadde til han gjekk av for oppnådd aldersgrense i 1982.

Heen var mykje engasjert i utvals- og komitearbeid, både her til lands og utanlands. I åra 1959 til 1962 hadde han permisjon frå Fiskeridirektoratet og var leiar for FAOés fiskeriteknologiske divisjon. Han var norsk delegat i fleire av kongressane til Det internasjonale kjøletekniske institutt, samt visepresident i ein av kommisjonane i to periodar.

Her heime var han rådsmedlem i NTNf i 25 år, og han er kjent frå fleire utvalsarbeid. Han var elles mellom anna medlem av Rasjonaliseringskomiteen for fiskeriene, representantskapsmedlem av Bergen fryseindustri, samt formann for Bransjerådet for sildolje- og sildemelsindustrien.

I sitt syttjande år, vart han slått til riddar av St. Olavs orden for sin samfunnsnyttige innsats.

Eirik Heen hadde lett for å få venner, og mange er dei som set att med gode minner frå sine samvær med han. Fred over hans minne.